

Sykylven kommunestyre gjorde følgande vedtak 24.02.2025:

12/25 Nytt underlag for politisk handsaming av KVU for Storfjordsambandet

24.02.2025 Kommunestyret

Behandling

Olav Harald Ulstein sette fram forslag om slik endring: Stryk A, B1 og B2 i pkt 1. (dette vert flytta til pkt. 2)

Framleggget frå kommunedirektøren med endringa som foreslått av Ulstein vart deretter samråystes vedteke.

KST - 12/25 Vedtak:

1. Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden), og prioriterer å greie ut nærmere alternativ B.
2. Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærmere alternativa A, B1, B2, CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere er i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVU-en, og har lågast nytte i forhold til kostnadene.
3. Sykkylven kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 til etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet, og til at dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.